



Årsmelding 2008

Styret

Styret har i 2008 vore samansett av Rasmus Flore (leiar), Andreas Solvik (nestleiar), Tore Saur (kasserar), Nils Myrvang (innkjøpssjef kjøkken) og Anne-Karin Lungård Hove (sekretær). Vi har siste året hatt 4 styremøter og handsama 16 saker. Medlemstalet per dags dato er 128, dvs ei auke på 38 medlemmar.

Anlegg

Det har vore utført nødvendig vedlikehald på bana, som beising av paviljong, støvsuging av skivestativ elektronikk og oppsetting av skilt for å auke sikkerheita på bana. Det står att å hogge vekk noko skog og sette opp eit gjerde før sikkerheitspåbodet er i orden. Vi har og kjøpt ny grasklyppar og laga eit eige rom for den og andre reiskap.

Arrangement/aktivitet

2008 har, som vanleg, vore eit år med stor aktivitet på bana, med fleire arrangement som bingo, jegercup, Skytingens dag, Olsokstemne, vårstemne, jegerprøver og trening. Bana har og vore utleigd til fleire private arrangement.

Også i år hadde laget **miniatyrskyting** i kulturhuset i Stryn. Dette vart avslutta med lagsmeisterskap i miniatyr, der Andreas Solvik vart lagsmeister med 239 poeng. Klasse 1 vart vunnen av Kåre Haugen, klasse R av Lars M. Gjørven og klasse asp av Håkon M. Gjørven.

Jegercupen vart som vanleg avvikla over 5 kveldar med dei 3 beste resultatata som teljande. Vinnarane vart: Open klasse: Arild Seljeset, Klasse A: Bjørn Solvik, Klasse B: Karl Einar Svor, Nybyrjarklasse: Øyvind Seljeset.

Olsokstemnet vart i år dominert av Hyen Skyttarlag. Ole Arild Aa gjekk til topps med 397 poeng som er 3 poeng over den gamle banerekorden. Dette er ein nesten uslæeleg rekord. Ole Arild Aa vann òg Einar Øens minnepremie med 147 poeng. Hyen vann lagsskytinga om Olsokpokalen med 429 poeng.

Lagsmeisterskapen på bane samla i år 12 deltakarar og Jarle Tvinnereim vart lagsmeister med 342 poeng føre Andreas Solvik med 336 poeng. Også på 100m var det mykje god skyting, og vi må merke oss Martin Lødemel med 346 poeng som er eit topp resultat. Martin sikra seg òg Einar Øens minnepremie med 100 poeng på 10-skoten. Dette er flott Martin! Stå på! Svein Sindre held òg koken med 342 poeng i klasse V73.

Skytingens dag hadde i år 22 deltakarar, som er 10 mindre enn året før. Dette kan ha fleire årsaker, men det vart litt seint på året før vi fekk tid å arrangere den. Haldor Hove vart årets jeger med 97p. Årets jaktlag vart Grenda med 275 poeng. Vendefigure vart vunne av vendefigurspesialist Gunnar Øen for 3. gong, og fekk hjorten til odel og eige.

Andre resultat som må nemnast er at Kai Nyhammer vart heradsmeister med 334 poeng. Jarle Tvinnereim sikra seg medalje på landskyttarstemnet i Førde med 340 poeng på baneskytinga. Martin Lødemel fekk 237 poeng på bane og 27 treff på felten.

Lagsmeisterskap i skogsløp med skyting vart arrangert på Ullsheim 8. oktober, med 11 deltakarar.

Sosialt

Som nemnt tidlegare har baneområdet vore utleigt til fleire private arrangement. I den forbindelse kjem vi ikkje utanom å nemne årets fest, då **Andreas Solvik og Per Øen feira sine 50 års dagar**. Eit kalas utan sidestykke, eit kalas som ikkje mangla nokon ting, når ein ser vekk ifrå taler. Det vart nemleg for anledninga sett opp gapestokk på paviljongen, og dei som prøvde og halde tale, vart snarast tekne hand om og sette i gapestokk.

Vi må vel og rekne **bilbingoen** for eit sosialt tiltak, sjølv om dette er den viktigaste inntektskjelda for skyttarlaget. Bingoen starta i år 18.mai og heldt fram kvar søndag fram til 24. August. Resultat 67065 kr totalt.

I anledning **Odd Øen sin 90 års dag**, spanderte skyttarlaget tur på Hornindalsvatnet med Dølen for Odd og næraste familie. Turen vart avvikla i varmt, fint sommarvêr med servering av grilltallerken og drikke på øverste dekk. Odd Løvdøen guida oss på turen om Otterdal og Navelsaker, over det djupaste punktet på 514 meter, til Holmøyane vidare til holmane i Kjøs og tilbake forbi Kjøsahammaren til Grodås. Vi blei fortalde mange historier om livet langs Hornindalsvatnet, bl.a. om stutebeitet på Otterdalsnakken og om holmen i Holmøyane som vart beskytt av tyskarane fordi dei trudde det var ein ubåt. Ein fin tur.

Til slutt vil eg takke alle som har vore med å hjelpe til gjennom året. Vil spesielt takke jegerutvalget som eg tykkjer fungerer svært fint. Må òg nemne den nye kasseraren vår som har gjort ein stor jobb med seint innkomne rekningar og medlemsregister.

Markane 24.10.2008

Rasmus Flore
-leiar-